



## Innkalling av Næringsfondsstyret

**Møtedato:** 01.06.2017  
**Møtestad:**  
**Møtetid:** 12.00 - 13.00

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

Saknr	Tittel
004/2017	Godkjenning av innkalling og saksliste
005/2017	Godkjenning av møtebok
006/2017	Orienteringssaker
007/2017	Næringsfond - søknad om midlar til prosjekt SeaCamp AS

23. mai 2017

Tom Kristian Thorsen  
møteleiar

Øivind Olsnes  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		17/141

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/2017	Næringsfondsstyret	PS	01.06.2017

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		17/141

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/2017	Næringsfondsstyret	PS	01.06.2017

### Godkjenning av møtebok

#### Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Protokoll - Næringsfondsstyret - 28.03.2017

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		17/141

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
006/2017	Næringsfondsstyret	PS	01.06.2017

### Orienteringssaker

#### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Næringsfondet 2017

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE - 223	17/30

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/2017	Næringsfondsstyret	PS	01.06.2017

## Næringsfond - søknad om midlar til prosjekt SeaCamp AS

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune avslår søknaden frå SeaCamp AS om tilskott på kr. 150 000,-

### Saksopplysningar:

SeaCamp AS er eit nystarta selskap som rettar seg mot kurs, turisme, guiding og sjøbaserte aktivitetar for fastbuande og turistar. Dette inneber også eigarskap og management av båtar/skip, kurs i båtførarprøve m.m. Søkjar viser til mogleg samarbeid med Bergen Base Camp og rederi (t.d. Rødne).

Søknaden inneber omhandlar innkjøp av 50 stk. lærebøker til båtførarprøven, samt undervisnings-PC.

Totalkostnad på prosjektsøknaden er kr. 260 000,- kor eigenkapital og eigeninnsats er rekna til kr. 110 000,- og tilskott frå næringsfondet er rekna til kr. 150 000,-

### Bakgrunn

Tilskot frå næringsfondet kan gjevast med inntil 50 % av totalkostnad. Det forutset at tiltaket er i tråd med retningslinene for fondsvedtektene som omfattar sysselsetjings-/busetnadseffekt, og nyskaping/vidareutvikling av verksemder.

### Vurdering

Rådmannen vurder slik at søknaden i liten grad konkretiserer tiltak og omstende ved innhald og finansiering. I tillegg manglar det vurderingar knytt til marknaden, budsjett (drift/investering).

Søkjar vart kontakta pr. epost 31.01.17 kor det vart etterspurt nærare opplysningar omkring, driftsbudsjett, vurdering av lønsemd, vurdering av sysselsetjingsseffekt / mogleg stillingsstorleik, vurdering av marknaden, vurdering av selskapet sin kompetanse, spydspissar i marknaden m.m. Det vart også etterspurd kva konkret ein ynskte at tilskott frå næringsfondet skulle dekkje av kostnader.

Siden det i søknaden ikkje er opplyst om kva kostnader som ligg inne i finansieringsplanen som syner kr. 250 000,- vart det også etterpurd nærare informasjon om dette.

Søknaden vart satt på vent i 3 mnd. slik at søker skulle ha høve til å komme med slik tilleggsinformasjon. Sakshandsamar har ikkje motteke opplysningar utover dei som vart gjort greie for i opprinneleg søknad.

### **Konklusjon**

Rådmannen finn ikkje at det ligg føre eit konkret prosjekt som kvalifiserer for støtte frå næringsfondet på kr. 150 000,-. Sidan det i søknaden m.a. ikkje er vedlagt budsjett er det vanskeleg å få innsikt i kva postensial verksemda har i forhold til den verksemda som vert vist til i søknadsskjemaet. Ein finansieringsplan ville kunna ha gjeve meir innsikt og fleire svar.

På dette grunnlaget vert søknaden avslått.